

# Funksjonell strandsonekartlegging, Fylkesnestrædet, Bømlo

## **Innhald**

Bakgrunn.....	2
Samandrag .....	2
Innleiing.....	2
Oversikt .....	4
Gjennomgong av tomtene .....	8

## Bakgrunn

I etterkant av utsendt varselbrev om oppstart av detaljreguleringsarbeid for Fylkesnestrædet, Bømlo kommune, PlanID201811 kom det fleire innspel frå offentleg mynde om strandsone og strandsonekvalitetar.

Det er på denne bakgrunnen føreteke ei kartlegging av den funksjonelle strandsona innanfor planområdet. Som metodikk har ein valgt å ta utgangspunkt i [Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen](#) samt [Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger](#), I den regionale kystsoneplanen for Sunnhordland nyttar ein definisjonen av «funksjonell strandsone» som den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk topografisk og/eller bruksmessig. Kan vera smalare eller breiare enn 100m».

## Samandrag

*Ved å bruka metodikk som vist til over, finn ein i grove trekk at den aktuelle strandsona er sterkt påverka av privatiserande tiltak, men også at det finnes det som vert definert som tilgjengeleg og funksjonell strandsone for allmenn bruk. Nærområdet til strandsona har både turveg og badestrand, og det finnes viktige landskapsverdiar i området. Ein har her lagt vekt på uttrykket frå sjøsida, innseilinga til Mælandsvågen. I planframlegget vert det ivareteke ålmenta sine interesser ved å oppretthalda tursti ut til Vadholmen, samt halda bufferavstand til badestrand like nordvest for planområdet. Planleggjar sin konklusjon er at området er eigna til fortetting og delvis utbygging, samstundes som ein set av viktige område til allmenn bruk slik at det ikkje går tapt viktige verdiar for allmenn ferdsle, friluftsliv eller naturverdiar.*

## Innleiing


Føremålet med detaljreguleringsplanen er å planleggja for bygging av inntil 10 nye bygningar for fritidsføremål i henhald til planskisse. Innanfor planområdet vert det tilrettelagt for naudsynt trafikkareal, parkering, kaiar, flytebrygger og nødvendig øvrig infrastruktur. Tilførselsveg til planområdet er allereie utbygd som privat veg, tilknytt kommunal veg, Fylkesnessvegen.

I det vidare vert det forutsett at planomtale for detaljreguleringsplan Fylkesnestrædet er lest, og det vert i utgangspunktet ikkje gjenteke tema som er omtala der. Kartlegginga tar for seg alle eigedomar innanfor plankartet, eller dei delane av eigedomar som er innanfor plankartet. I gjennomgangen under føl me planområdet frå sør til nord, tomt for tomt.

Bilder er henta frå fonnakart.no (flyfoto), og eigne dronebilder frå synfaring i området, føreteke av planleggjar.



## Oversikt




Bildet viser heile planområdet, med utbyggingsområdet i midten.



Bildet viser status for kommuneplan for planområdet. Gul farge er område avsett til spreidd bustadbygging.

Som ein ser, ligg området avsett til fritidsbustad litt innafor ein høg bergvegg som går rett ned i sjø (om lag der namnet «Fylkesneset» står i bildet over). Dette gjer at området ikkje vert så synleg frå sjøsida og ligg naturleg til mellom Vadholmen og fjellsida. Vadholmen er eit sentralt landskapselement i Mælandsvågen og er urørt natur, bortsett frå eit gammalt naust på nordsida. Det vert lagt opp til at det vert tillaga gangveg over til Vadholmen for ålmenta, samt tilgong til badestrand på sørvest-sida av Vadholmen.



Bildet viser siktlinja (oransje) frå sjømerket til innseilinga til Mælandsvåg.






Avmerka eigedom, g.nr 113/7 er forslagsstillars, og viser område avsett til LNFR både nord og sør for planområdet.

Sjølve utbyggingsområdet innan planområdet er i stor grad prega av tidlegare utbygging, både i form av bygningar, kaiar og utfylling av stein.

## Gjennomgong av tomtene

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
113/7	Halvor Mæland	BFR 5,6,7	



Oversiktsbilde som viser delar av eigedomen 113/7. I det vidare vert det fokusert på delane av eigedomen som ligg innanfor planområdet.

Den sørvestre delen er prega av fjellknaus og urørt natur, og har gjenståande naturverdiar. Her ser ein for seg å tillata bygging av inntil to fritidsbustadar, men flytta desse opp og bak i forhold til strandlinja slik at denne vert bevart. Dette vil gjera at bygga kan tilpassast landskapet og fjellformasjonen bak og dermed inngå som ein del av landskapselementet. Ein høgare knaus lengre sør vil gjera at bygningane ikkje vert så synlege frå sjøsida og innseilinga til Melandsvågen.





Bildet viser høgdedrag sett frå 113/78



Planområdet sett frå vest/sørvest, sjøsida.

Tomta inneheld også eit gammalt naust, båtopptrekk, uthus og ein båtgarasje med molo som delvis fundament for bygget. Naustet og uthuset er planlagd rive. Strandlinja vidare frå knausen (til høgre i biletet over) og innover til og med 113/78 er allereie utbygd og utfylt og/eller planert med steinmassar. I denne delen av tomta er det ikkje attståande naturverdiar.

Vidare innover på vestsida ligg to andre tomter som vert omtalt seinare, deretter fortset 113/7. Denne delen av tomta består av fjell i dagen, med ligg inn mot ei grunn vik som tidlegare har fungert som badestrand for Fylkesnesgarden. Her går i dag ein avløpsledning frå BVA tvers over stranda, godt synleg ved fjære sjø. Denne delen av strandsona har gode gjenståande naturverdiar, spesielt dersom avløpsledningen til BVA vert lagt utanom stranda. I tillegg utgjer denne delen av området eit meir synleg landskap for båttrafikk og fastbuande, og skjæra nordvest for området er lave. I planframlegget vert det foreslått å regulera dette område til grøntområde med tilkomst for ålmenta, og tursti vidare over til Vadholmen i nord.



Den austre og sørlege delen av 113/7 ligg mellom naustrekka i sør og ut langs eksisterande vei. Denne er lagt i strandsona og består av sprengstein. Strandsona har difor ingen gjenståande naturverdi anna enn som turområde.





Bildet viser sørlege del av 113/7 merka i raudt.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
113/79	Odd Kåre Sakseid	BFR 2	
113/78	Kjell Arne Innvær		
113/78	Siselia Mæland		



Bildet viser 113/78 og 113/79 i midten, på vestsida.

Begge tomtene er prega av utfylt sprengstein og har lite gjenstående naturverdiar, berre heilt i nord av 113/78 kan ein sjå eksisterande berg i dag. Den eine tomta (113/78) har også ein liten pir/bølgebeskyttar bestående av naturstein/betong.



Bildet viser 113/78 og 113/79 i midten.



G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
113/129	Torunn Mæland	BFR 1	



Denne tomte består av bergknaus i dagen med litt vegetasjon, hovedsakleg lyng og gras. Strandlinja på tomte er inntakt og tomte har gjenståande naturverdiar. Eigedomen har i dag ei enkel gangbru som går over til Vadholmen, og ligg på innsida av halvøya som utgjer delar av planområdet. Tomte vert planlagd delvis utbygd på austsida (innsida), medan ein beheld strandlinja på nordsida. Turvegen over til Vadholmen er planlagt flytta litt vestover for å ivareta ålmenta si frie ferdsle.



G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
113/116	Randi Mæland Blåsternes	BFR 3	



Tomta er dominert av utplanert steinfylling og har såleis få gjenstående naturverdiar, men ligg på vegen ut mot Vadholmen, og er lett tilgjengeleg som turområde via privat tilførselsveg.



G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
113/115	Brit Mæland Vikse	BFR 4	



Tomta er dominert av utplanert steinfylling og har såleis få gjenstående naturverdiar, men ligg på vegen ut mot Vadholmen, og er lett tilgjengeleg som turområde via privat tilførselsveg.

19.05.21  
 Vidar Onarheim  
 Planlegg Bømlo AS